



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kristin Cotta Schönberg, 5557 2224

Vår dato
02.05.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/75 732.0
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland v/rådmann

Bergen kommune, Byrådsavdeling Helse og omsorg
v/ kommunaldirektør

Kommunane si plikt til å førebyggje smittsame sjukdomar via blodsmitte

Fylkesmannen syner til vedlagde brev av 17. april 2018 frå Helsedirektoratet om plikta til kommunane om å førebyggje smitte.

Direktoratet påpeikar at det følgjer av smittevernlova at kommunen skal ha ordningar som gjer brukarutstyr for injeksjon gratis og enkelt tilgjengeleg for alle injiserande stoffmisbrukarar som bur eller midlertidig oppheld seg i kommunen. Det er god vitskapeleg dokumentasjon for den smitteførebyggjande effekten av å dele ut sterile sprøyter, kanylør og røykefolie. Organiseringa av utdeling av brukarutstyr kan kommunane velje å gjere på ulike måtar. Kommunen skal i tillegg til brukarutstyr tilby informasjon om smitteførebyggjande tiltak, moglegheiter for vaksinasjon, diagnostikk og behandling.

Ifølgje direktoratet kan ikkje kommunen nekte nemnde smitteverntiltak på grunn av manglande dekning på vedtekne budsjett.

Fylkesmannen er beden om å følgje med på om utdeling av nødvendig brukarutstyr er ein del av planen for kommunen sin helse- og omsorgsteneste, jamfør smittevernlova § 7-1 tredje ledd, og at det er etablert tiltak som gjer brukarutstyr enkelt og gratis tilgjengeleg. Vi vil følgje opp dette i løpet av 2019.

Vi ber om at kommuneoverlege og smittevernlege i kommunen blir informerte om dette brevet med vedlegg.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Kristin Cotta Schönberg
assisterande fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev frå Helsedirektoratet 17. april 2018